



HØGSKULEN I VOLDA

Volda University College

Nyhendebrev nr. 35, 13. oktober 2022

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, johann.roppen@hivolda.no.

[Tidlegare nyhendebrev og side for påmelding til nyhendebrevet.](#)



Tekst: Karl August Sveinstrøm
11. oktober 2022 - Oppdatert 13. oktober 2022

Irmelin Losvik og Mats Ekeberg er vald inn som

Del på:



Studentane vart attvalde i høgskulestyret

Fem studentar vart nominerte til dei to faste plassane og dei to vararepresentant-plassane studentane har i høgskulestyret. Etter at valet vart avslutta 10. oktober vart det klart at dei to faste representantane hadde vorte attvalde, og begge er studentar på Master i grunnskulelærarutdanning (MAGLU): Irmelin Angell Losvik og Mats Ekeberg. Nye personelge vararepresentantar er Sara Sivertsen Fahrendorff (AMF) og Sigurd Myrene (AKF).

LES MEIR

Blogg: Over 4.400 studentar ved Høgskulen i Volda

Høgskulen i Volda har hausten 2022 har fått litt over 4.400 studentar. Det er om lag på same nivå som dei siste åra. I eit blogginnlegg har rektor Johann Roppen sett nærare på utviklinga i talet på studentar dei siste åra - og også kva typar studium dei har teke. Høgskulen har i 2022 ca. 1.000 fleire studentar enn for 10 år sidan.

LES MEIR

100-års jubileum for Kaarstad-huset



Kaarstad-huset stod ferdig i november 1922, og no hundre år etter i november 2022 vert dette feira med ei stor markering for alle tilsette og inviterte gjester 16. november. Ver særleg merksam på at jubileumsmarkeringa blant anna med Symfioniorkesteret kl 17.00-18.30 er open for alle. [Les meir om feiringa på nettsidene våre.](#)

Studium og studentliv

Utdanningsprisen 2022: Kom med kandidatar innan 20. oktober

HVO-tilsette og studentar har vorte inviterte til å kome med framlegg til kandidatar for Utdanningsprisen for 2022. Fristen er 20. oktober. [Her er fjorårsvinnaren.](#) Statuttar for prisen [finn du på denne nettsida.](#)

Menyen i kantina neste veke

Måndag: Vegetar vårrullar med ris og thaisalat
Tysdag: Fiskeburger med potetmos og råkostsalat
Onsdag: Karbonader med løk og grønsaker
Torsdag: Potetball med tilbehør kr
Fredag: Tacobuffé
Pris: 14,90 pr hg

Styre og stell



På bildet er rektorane på UH-Nett Vest-institusjonane samla, frå venstre: Bård Mæland (VID), Sigbjørn Sødal (NLA), Johann Roppen (Høgskulen i Volda), Margaret Hagen (Universitetet i Bergen), Gunnar Yttri (Høgskulen på Vestlandet) og Klaus Mohn (Universitetet i Stavanger).

UH-Nett Vest tilbake på Solstrand

Rektorar, direktørar og dekanar på [UH-Nett Vest](#) institusjonane har denne veka vore på eit to-dagars seminar på Solstrand. Dette var første samlinga på fleire år, både på grunn av pandemien og fordi UH-Nett Vest har endra strategien. På møtet deltok også stortingsrepresentantar for å diskutere forskings- og utdanningspolitiske spørsmål, og på konferansen vart det også diskutert spørsmål av felles interesse for institusjonane og Vestlandsregionen:

Lærerutdanning, helse, energi og økonomi. UH-institusjonane vil truleg halde fram med slike årlege samlingar på leiarnivå.

Rektorvalet: Leitekomiteen er i arbeid

Leitekomiteen som skal arbeide med å finne kandidatar til rektor og prorektor-verva er i sving, og [informasjon om arbeidet og kontakt med komiteen finn du på denne nettsida](#). Leitekomiteen minner om at alle som har røysterett på høgskulen bør kjenne ansvar for å arbeide fram aktuelle kandidatar til rektorvalet.

Stillinga som studiedirektør har vorte lyst ut

Høgskulen har tilsett studiedirektør Ann Kristin Emblem som høgskuledirektør i fast stilling, og no blir stillinga som studiedirektør etter Emblem lyst ut som fast stilling med søknadsfrist 31. oktober. Studiedirektøren står sentralt i vidareutvikling av studiekvalitet og studieportefølje. Studiedirektøren rapporterer til direktør og er med både i den faglege og administrative leiargruppa ved Høgskulen. [Sjå alle våre ledige stillingar her](#).

Høgskulen skal inn i "skya"

IT-avdelinga på Høgskulen er no i gong med «Fil-til-sky»-prosjektet. Det går ut på å flytte all fillagring over i skya. Målet er auka tryggleik, fleksibilitet, samhandling og tilgjenge i fillagringa ved HVO. Dei fleste tilsette vil ikkje merke mykje til denne endringa. Fyrste fase er å flytte den personlege lagringa frå H: (også kjend som «Mine dokument») til OneDrive, skylagringsløysinga til Microsoft. Over nyttår vil prosjektet gå vidare med å avvikle L:, og med å erstatte den avdelingsvise lagringa på Q: med lagring i Teams filbibliotek. Alt blir gjort avdelingsvis, og alle får meir informasjon etter kvart som dei står for tur. Prosjektet skal vere ferdig før sommarferien 2023.

Revidert forskrift om opptak, studium og eksamen ved Høgskulen i Volda

Studieadministrasjonen ved Høgskulen i Volda har sendt på høyring framlegg til revidert forskrift om opptak, studium og eksamen ved Høgskulen i Volda. I all hovudsak handlar revisjonen om å oppdatere forskrifta frå 2015 med fleire endringar som har kome i Universitets- og høgskulelova, også endringar som trer i kraft 1. januar 2023. I framlegget er forskrifta også forenkla og omtale av den interne arbeidsorganiseringa ved Høgskulen i Volda er teke ut av forskrifta. Høyringsfristen er 9. november 2022.

Fag og forskning

20 bidragsytarar frå HVO på Norsk medieforskarkonferanse i Stavanger

[Norsk medieforskarkonferanse 2022](#) blir arrangert i Stavanger 13.-14.10.2022. Det er 20 bidragsytarar med innlegg (paper) frå Høgskulen i Volda og truleg må dette vere rekordmange bidrag frå Høgskulen i Volda.

Såkorndmidlar for 2023 - søknadsfrist 10. november

Forskningsutvalet lyser no ut såkorndmidlar for 2023, og fagleg tilsette vert med dette inviterte til å søke. Midlane må nyttast i 2023. Vi tek atterhald om at midlar vert løyvd av Høgskulestyret. Såkorndmidlane skal bidra til å auke forskingsaktiviteten ved HVO. Søknadar om støtte til å utarbeide søknadar til Norges forskingsråd, Regionale forskingsfond eller Horisont Europa vert prioriterte. Utfyllande informasjon om ordninga og søknadsskjema kan du finne på [denne nettsida](#). Søknadsfristen er 10. november 2022. Forskningsutvalet vil i møte 24. november kome med innstilling til tildeling av midlar. Tildelinga er avhengig av endeleg budsjettvedtak i høgskulestyret i desember.

Publisering og formidling

Det er veldig kjekt å melde om nye publiseringar og formidling i nyhendebrevet, så send meg gjerne informasjon om ei bok, ein tidsskriftartikkel, ein kronikk eller anna du har fått publisert, og skriv gjerne også ei setning eller to om kva publiseringa handlar om. [Hugs også på å registrere publiseringane dine i Cristin](#).

Legg også ved lenke til publiseringa di.

Vaage-Øie om "Automated digital journalism"

[Førsteamanuensis Kjetil Vaage-Øie](#), AMF, har saman med Alba Silva-Rodríguez frå universitetet i Santiago de Compostela i Spania publisert eit kapittel i boka "[Emerging Practices in the Age of Automated Digital Journalism](#)" som er utgitt på forlaget Routledge. Kapitlet har tittelen: "[The role of mobile media in journalism education](#)". I bokkapitlet har dei analysert kva rolle mobile media spelar i dei 10 høgst rangerte journalistutdanningane i Europa. Silva-Rodríguez var på gjesteopphald ved Høgskulen i Volda i juni 2019.

Stavenæs Refvik i Nordic Studies in Mathematics Education

[Stipendiat Kim André Stavenæs Refvik](#), AHL, har saman med Annette Hessen Bjerke (OsloMet) publisert eit litteraturoversyn (review) der dei undersøker koplinga mellom computational thinking og problemløysing i matematikk. Fullstendig tittel på artikkelen er: "Computational thinking as a tool in primary and secondary mathematical problem solving: a literature review". [Artikkelen er publisert i Nordic Studies in Mathematics Education \(NOMAD\)](#)

Terje Aarset heldt føredrag om komponisten Magnar Grøndal

[Professor em. Terje Aarset](#), AHL, heldt 12. oktober eit innlegg på ein [Magnar Grøndal-kveld i Aasentunet](#). Grøndal (1919–2010) var ein lokal komponist frå Langevåg med ein stor produksjon. Dei som stod bak programmet, var Øystein Grønmyr, Arne Lerheim og Aage Lade frå Langevåg, som styrer Magnar Grøndals legat. Aarset har i mange år samla og systematisert eit rikt kjeldemateriale om lokal musikk, blant anna 34 notehefte med musikk av Magnar Grøndal og desse vart stilte ut på arrangementet i Aasentunet.

Ledige stillingar

[Sjå alle ledige stillingar på nettsidene våre.](#)

- [Administrasjonssjef Avdeling for mediefag - søknadsfrist 20.10.2022](#)
- [Økonomirådgivar \(AHL\) - søknadsfrist 23.10.2022](#)
- [Stipendiatstilling i samfunnsplanlegging - søknadsfrist 15.11.202](#)

Møte, seminar og anna på HVO:

[Oversyn over møte og sakspapir til sentrale råd og utval ved HVO.](#)

Faglege arrangement på og ved HVO:

Hausten 2022:

24.-26.10.2022: [Øyralangs, kulturvandring i Elvadal](#)

27.10.2022: [Kurs for studentar: Korleis vere student?](#)

27.-28.10.2022: [Barnehagekonferansen 2022](#), Ålesund
1.11.-2.11.2022: [Utdanningsdagane 2022](#)
3.11.2022: 50-års markering av historiestudiet ved Høgskulen i Volda
3.11.2022: [Høgskulestyret](#)
4.11.2022: [Sinnemeistring hos vaksne](#), HVO
16.11.2022: 100-årsmarkering for Henrik Kaarstad-huset
18.11.2022: ASH Avdelingsseminar
23.11.2022: [Nettverkstreff: Kvinner i forskning på HVO](#)
24.-25.11.2022: AHL Avdelingsseminar, Loen
8.12.2022: [Høgskulestyret](#)
2.-9.12.2022: [Val av ny rektor og prorektor](#)
9.12.2022: Julebord for alle HVO-tilsette, Ulsteinvik
15.12.2022: AKF Juleavslutning
16.12.2022: Juleavslutningar for AHL, ASH og AMF

Våren 2023:

19.1.2023: Høgskuleforum ("Forum for det utvida høgskuleområdet"), HVO
8.2.2023: [Internasjonal dag 2023](#)
9.3.2023: [Høgskulestyret](#)
16.-17.3.2023: Avdelingsseminar ASH
3.-4.5.2023: Styreseminar og [møte i høgskulestyret](#)
15.6.2023: [Høgskulestyret](#) (siste i styreperioden)

Faste lenker:

LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.hivolda.no/stilling>

REKTORBLOGGEN

13.10.2022: [Kor mange studentar er det på Høgskulen i Volda?](#)
28.9.2022: [Helsing til Helga Synnevåg Løvoll - vinnar av FoU-prisen 2022](#)
[Alle innlegga på rektorbloggen](#)

HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

[Finn-ein-forskar-på-HVO](#)

[Tiktok](#)

[Facebook](#)

[Twitter](#)

[Instagram](#)

[Youtube](#)

[HVO-blogger](#)

[Nynorsksenterets blogg.](#)

[Løpande oppdatering av strømprøduksjonen i solcelleanlegget](#)

STUDENT- OG ØVINGSMEDIA:

[Knaggen](#) (portal for studentmedia)

[Studentradioen](#)

[StudentTV](#) - Sjå også [Youtube-kanalen](#)

[Radio Volda](#)

[Nærsynet](#)

[Nærnett](#)

Høgskulen i Volda

Tlf: [70075000](tel:70075000)

E-post: postmottak@hivolda.no

[Personvern](#)



[Endre kontaktinfo](#)

[Meld deg av e-postlista](#)